



På første øving i skulemusikken: Tobias(f.v.), Ingrid, Kristiane, Sigr og framme sit Torbjørn og Malena.

I kveld hadde Uskedal skulemusikk si første øving etter at dei gjorde ein formidabel innsats på 17.mai. Kjekt var det nok å få ros for innsatsen sin på nasjonaldagen, og endå kjekkare var det at 6 av dei som har vore aspirantar i vinter, var på si første øving. Høgdepunktet på denne øvinga var nok det som skjedde i pausen!

Dirigent Tor Skeie Olsen tok mot dei 6 nye musikantane på sin rolege og finslege veremåte. Det starta med litt informasjon der både dei nye og dei meir rutinererte fekk koma med spørsmål. Innimellom informasjonen hadde dei litt skalaøvingar og samspel. Etter oppvarmingsøkta gjekk dei 6 nye med instruktør Julie Skeie Olsen og fekk rettleiing av henne.

Då det vart pause, vart dei samla att. I pausen dukka Janne G. Hjørnevåg opp med ein spennande isoporboks. Med musikantane samla rundt bordet, vart det openberra at boksen inneheldt 3 fristande og delikate kaker og ein boks full av godsaker. Alt av beste 'Elin-kvalitet'. Klart det vart god stemning blant dei kjekke ungdommane!! Som takk kvitterte dei velfortent med flott bursdagssong til Janne som fyller år i dag.

Eg kan ikkje tru noko anna korps har opplevd slikt kakebord på ei øving. Både dei 6 nye og resten vil nok hugsa tilbake på dette med stor glede!

Sjølv om 17.mai-spelinga er ferdig, er det langt frå slutt på sesongen for skulemusikken. Den 13.juni skal dei opptre på aktivitetsdagen i båthamna. Det vert debuten til Tobias H. Berge-Soldal, Ingrid Klyve, Torbjørn Haugland, Kristiane Skjelnes, Malena Hjelmeland og Sigr Lekva i skulemusikken.

For orden skuld legg vi til at sjølv om søknadsfristen er ute, er det ikkje for seint å melda seg på som aspirant til skulemusikken for komande skuleår. Det er berre å ta kontakt med rektor i kulturskulen Rolf Lothe.



For eit fristande kakebord!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland